

Universitetet i Stavanger (UiS) har om lag 11.000 studenter og 1.600 tilsette. Universitetet ligg i Noregs tredje største byregion, med ein dynamisk arbeidsmarknad og spennande kultur- og fritidsaktivitetar. Vi er einaste norske medlem av European Consortium of Innovative Universities (ECIU). Universitetet skal vere ei drivkraft i regionen si kunnskapsutvikling og eit internasjonalt forskingsuniversitet med vekt på nyskaping og innovasjon. Saman med dei tilsette og studentane våre vil vi utforske det ukjente og utfordre det velkjente.

Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Læringsmiljøsentret) er eit landsdekkjande senter med eit styre oppretta av Kunnskapsdepartementet. Forutan å vere ein del av Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora er senteret ein del av eit nettverk av elleve nasjonale senter, lagt under Utdanningsdirektoratet. Læringsmiljøsentret står nasjonale utdanningsstyresmakter bi i arbeidet med å realisere den nasjonale utdanningspolitikken innanfor ansvarsområdet sitt. Senteret arbeider med fagleg utvikling, forskning, utadretta verksemd og relevant undervisning i tråd med fastsett mandat. Senteret har eit styre som øvste organ. Verksemda til senteret består av oppdrag gitt frå Utdanningsdirektoratet og eigeninitierte oppgåver innanfor forskning og utvikling, kompetanseutvikling i barnehagar og skular samt undervisning og rettleiing ved universitetet. Senteret har to avdelingar; ein i Stavanger og ein i Porsgrunn. Det er i dag omlag 50 tilsette ved senteret.

Professor i barnehagepedagogikk og tidleg utvikling

Universitetet i Stavanger søker etter professor i barnehagepedagogikk og tidleg utvikling. Stillinga er organisatorisk knytt til Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora, Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Læringsmiljøsentret). Stillinga er ledig snarast.

Arbeidsoppgåver og fagmiljø

Fagområde for stillinga er forskings- og utviklingsarbeid retta mot læringsmiljø i barnehage og småskuletrinna i skulen.

Barnehagefeltet i Noreg er inne i ein spennande utvikling, og det er stor allmenn og politisk interesse for denne sektoren. Ved Læringsmiljøsentret ønsker vi å vere fagleg premissleverandør for barnehagesektoren i Noreg. Læringsmiljøsentret er eit nasjonalt senter, som bistår nasjonale utdanningsmyndigheiter med å realisere gjeldande utdanningspolitikk. Læringsmiljøsentret sitt arbeid skal vere tidsaktuelt og reflektere samfunnet og samfunnsendingane, som pregar dagens og morgondagens barndom og ungdom, og seinare i vaksen alder.

Frå 1.1.2018 går senteret inn i ein ny spennande fase. Det faglege ansvaret, som i dag ligg hos senterets styre, vert då overført til Universitetet i Stavanger (UiS). Senterets oppgåver vil bli definert av UiS i samsvar med universitets- og høgskulelova. Senterets strategiske utvikling vil då bli lagt under UiS sin overordna strategi. Forsking og undervisning vil vere sentrale område. Praksisretta kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnehagar og skular vil fortsette i samsvar med UiS sin strategiske utvikling av samarbeid med samfunns-, kultur- og næringsliv.

Arbeidsoppgåvene vil vere knytt til senterinitiert forskning- og utviklingsarbeid, samt undervisning relatert til aktuelle fagområde på lærarutdanningane ved UiS. I tillegg vil det være oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Som professor vil du hovudsakleg undervisa og rettleia studenter på bachelor- master- og doktorgradsnivå innanfor pedagogikk, pedagogisk sosiologi eller sosialpsykologi, samt vere pådrivar for forskning og formidle forskingsresultat innanfor senterets forskingsområde, og bidra til utvikling av samarbeid med arbeidslivet. Du vil også leie an i utvikling og bruk av varierte og digitale læringsmåtar i undervisninga, innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning. Stillingsomtala gjev ei nærmare beskriving av fagområde og aktuelle oppgåver for professor.

Kompetansekrav

Vi søker etter professor med vitenskapleg kompetanse på høgt nivå i samsvar med etablerte standardar for professorkompetanse innanfor fagområdet. Søkarar med spesialisering innanfor pedagogisk sosiologi eller sosialpsykologi vert føretrekt, men søkarar med spesialisering innanfor nærliggande område kan også vere aktuelle kandidatar. Nyare publisering og potensiale for framtidig forskning på høgt akademisk nivå innanfor fagområdet vert vektlegg.

Du må kunne dokumentera pedagogisk og didaktisk kompetanse knytt til høgare utdanning, eller gjennomføre universitetspedagogisk kurs innan ein periode på to år frå tiltreding. Kurset vert tilbydd av universitetet.

Vidare vektlegg vi at du har:

- | Evne til å inspirere kollegaer til forskning og utdanningsfagleg utvikling.
- | Erfaring med og evne til å initiere, skaffe ekstern finansiering til, leie og gjennomføre større forskings- og utviklingsprosjekt.
- | Formidla forskingsresultat i anerkjende norske og internasjonale publiseringskanalar, og at du kan vise til progresjon i forskning og publisering.
- | Ein reflektert og bevisst haldning til eiga undervisnings- og rettleiingsverksemd.
- | Evne til å involvere og engasjere studentane i undervisning der utdanninga sitt mål, innhald og vurderingssituasjonar heng nøye saman.
- | Erfaring med og/eller interesse for utvikling og bruk av varierte læringsmåtar og digitale reiskapar i undervisninga.
- | Erfaring frå samarbeid med arbeidslivet.
- | Erfaring med relevante internasjonale forskingsnettverk og evne til å bygge og ivareta nettverk - regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- | Erfaring med nyskaping, innovasjon og kommersialisering av forskning.
- | Høg arbeidskapasitet og motivasjon for å utvikle ny kunnskap saman med andre.
- | Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, og evne til å bidra til eit konstruktivt arbeidsmiljø.

Arbeids- og undervisningsspråket er norsk og engelsk. Om du ikkje kan norsk eller eit anna skandinavisk språk, må du tileigne deg norskkunnskapar tilsvarande nivå B2 innan ein periode på to år frå tiltreding. Om nødvendig vil du få tilbod om norskkurs betalt av universitetet.

Dersom det ikkje melder seg søkarar med tilstrekkeleg vitenskapleg kompetanse, kan det bli aktuelt å tilsette midlertidig for inntil tre år med sikte på kvalifisering og fast tilsetting. Søkar må ha føresetnad for å skaffe seg nødvendige kvalifikasjonar i løpet av tilsettingsperioden.

Vi tilbyr:

- | Varierte arbeidsoppgåver i ein stor, spanande og samfunnsviktig organisasjon.
- | Eit ambisiøst arbeidsfellesskap i positiv utvikling. Vi arbeider for å inkludere tilsette på alle nivå i strategiske avgjerder, fremme ein uformell atmosfære og ein flat organisasjonsstruktur.
- | Kollegabasert rettleiingsprogram det første året du underviser ved UiS, NyTi.
- | Lønn etter statens lønnsregulativ, l.pl 17.510, kode 1013, kr 686.900 - 838.300 bto. pr år.
- | Medlemskap i Statens pensjonskasse som sikrar gode pensjonsrettigheitar. Medlem kan søke bustadlån til gunstige vilkår.
- | Gunstig medlemskap på treningssenter og bedriftsidrettslag.
- | Tilsetting i IA-bedrift som er oppteken av å redusere sjukefråværet, auke talet på tilsette med redusert arbeidsevne og auke yrkesaktiviteten for eldre arbeidstakarar.
- | Hjem-jobb-hjem, kollektivtransport til og frå jobb til gunstig pris.
- | Som arbeidstakar i Noreg vil du ha tilgang til eit svært godt helsesystem, gode pensjonar og sjenerøs fødsels-/foreldrepermisjon. Barnehageplass er garantert og rimeleg, offentleg skule er gratis.
- | Relocationprogram ved flytting til Noreg, inkluderer bl.a. støtte og språkkurs for partnarar.

Generell informasjon

Søknaden din vil bli vurdert av ein sakkyndig komité. Hovudvekta i den sakkyndige vurderinga vert lagt på bedømming av innsende vitenskaplege arbeid og dokumentert undervisningskompetanse. Erfaring frå popularisering/formidlingsverksemd, fagpolitisk og fagadministrativt arbeid og eventuelt andre dokumenterte kvalifikasjonar med relevans for stillinga, vil også bli vurdert av dei sakkyndige.

Dersom det melder seg svært mange søkarar, kan det bli aktuelt å avslå søknader før søknadspapira vert sende over til sakkyndig komité for vurdering. Dette vil vere aktuelt for søkarar som ikkje tilfredsstiller sentrale delar av kompetansekrava.

På bakgrunn av sakkyndig komité si utsegn vil aktuelle søkarar bli innkalla til intervju og prøveundervisning før det lagast innstilling.

Det er ein føresetnad at den som vert tilsett buset seg slik at vedkommande kan vere til stades ved, og tilgjengeleg for, fagmiljøet i ordinær arbeidstid.

Nærmare opplysningar

Stillingsomtala gjer nærmare greie for fagområde og aktuelle arbeidsoppgåver. Nærmare opplysningar om stillinga får ein ved å vende seg til senterleiar Tarja Tikkanen, tlf 5183 1288/4131 4343, epost tarja.tikkanen@uis.no. Opplysningar om tilsettingsprosessen får ein ved å ta kontakt med HR-rådgjevar Janne Halseth, tlf 5183 3525, epost janne.halseth@uis.no.

Søknad

Søk stillinga elektronisk via «Søk stillinga» på denne sida. Her registrerast søknadsbrev, relevant utdanning og erfaring. Følgande dokument lastast opp som vedlegg til søknaden, i separate filer:

- | CV med fullstendig oversikt over utdanning og erfaring.
- | Relevante vitnemål og attestar.
- | Fullstendig liste over vitenskaplege arbeid.
- | Inntil 10 arbeid som dokumenterer undervisnings- og utdanningsfagleg kompetanse, sjå Retningslinjer for vurdering av undervisningskompetanse.
- | Inntil 15 vitenskaplege arbeid som er sentrale i forskingsproduksjon din.
- | Dokumentasjon på annan aktivitet som vurderast relevant i forhold til stillingas krav.

Dokumentasjonen må føreligge på eit skandinavisk språk eller engelsk. Dersom vedlegga overskrid 30 MB til saman, må dei komprimerast før dei lastast opp.

Opplysningar og materiale som det skal takast omsyn til ved vurdering, må vere registrert innan søknadsfristens utløp. Kontaktinformasjon til tre referansepersonar må førast opp i søknaden eller på førespurnad.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkarar kan bli offentleggjort sjølv om søkar har bede om ikkje å bli oppført på offentlig søkerliste, jf. offentlighetsloven § 25.

Stillingsomtale - professor i barnehagepedagogikk og tidleg utvikling

Fagområde

Fagområdet for stillinga er barnehagepedagogikk med fokus på tidleg utvikling. Læringsmiljøsentret har høg kompetanse innan pedagogikk når det gjeld læringsmiljøarbeid blant barn og unge i skulealder. No ønsker vi å forsterke kompetansen gjennom ei strategisk satsing i læringsmiljøarbeidet for å sikre god utvikling for alle barn i barnhagar og småskuletrinna i skulen. Læringsmiljøsentrets strategi for 2017-2020 bygger på arbeidet innan fire tematiske hovudområde: (i) læringsmiljø og psykisk helse, (ii) mangfald og inkludering, (iii) innovasjonsarbeid i læringsmiljø, og (iv) læringsmiljø og barnehage.

Den som vert tilsett skal vere med på å drive fagleg utvikling og forskning som er praksis- og politikkrelevant for barnehagesektoren, samt undervise og rettleie studentar på bakgrunn av ny forskning. Primærområdet er læringsmiljø i barnehagen. Læringsmiljøet i barnehagen består av dei kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda i barnehagen, som har innverknad på barns utvikling, leik og læring, helse og trivsel.

Senteret har dei seinare åra begynt å bygge opp kompetanse innan læringsmiljøet i barnehagen og innan barns tidlege utvikling. Fleire spennande forskings- og utviklingsprosjekt er allereie i gang. Den som vert tilsett vil inngå i eit tverrfagleg team med forskarar og praktistar som arbeider og forskar innan dette feltet. Det blir brukt eit mangfald av metodar og tilnærmingar, og den som vert tilsett må vere open for ulike metodar i forskning og praksis.

Organisatorisk plassering

Tilsettinga gjeld generelt ved Universitetet i Stavanger. Stillinga er organisatorisk plassert ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora, Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning (Læringsmiljøsentret). Informasjon om eininga er tilgjengeleg på www.læringsmiljøsentret.no. Professor vil kunne delta i forskingsfelleskap på tvers av organisatoriske einingar.

Aktuelle oppgåver

Professor skal saman med resten av det vitskapelege personalet ivareta:

Utdanning

- | Bidra til utvikling av hovudsakleg master- og doktorgradsprogram, men også studieprogram på bachelornivå, med høg fagleg internasjonal kvalitet.
- | Vidareutvikle og styrke utdanningsprogrammas faglege omdømme gjennom å gi undervisning og rettleiing av høg kvalitet, hovudsakleg på master- og doktorgradsnivå, men også på bachelorgradsnivå.
- | Bidra i og utvikle aktuelle etter- og vidareutdanningstilbod.
- | Ivareta rettleiingsansvar for doktorgradskandidatar og postdoktorar.
- | Legge til rette for studentane si læring i tråd med studieprogrammas læringsmål.
- | Drive pedagogisk utvikling og bidra til læremiddelsproduksjon.
- | Kompetanseutvikling knytt til undervisning og rettleiing.
- | Bidra ved utvikling av nye undervisningsmetodar og bruk av ulike digitale læringsressursar.
- | Gjennomføre studentevalueringar og drive kontinuerleg utvikling av utdanningane sin kvalitet.

Forskning og innovasjon

- | Bidra til utvikling av fagmiljøet, blant anna auka forskingsproduksjon.
- | Forske, drive fagleg utviklingsarbeid innanfor fagområdet.
- | Initiere, skaffe ekstern finansiering til, leie og gjennomføre større forskings- og utviklingsprosjekt.
- | Drive nyttig næringsretta, praksisnær profesjonsretta og/eller samfunnsrelevant forskning, også på oppdrag frå, og i samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.
- | Delta i forskingsfelleskap frå universitetet - programområde eller forskargrupper.
- | Bidra til innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning, fagleg utviklingsarbeid.
- | Involvere studentane i entreprenørskapsaktivitetar og bidra til å utvikle deira entreprenørskapskompetanse.
- | Vidareutvikle nasjonalt og internasjonalt forskingssamarbeid.

Formidling og samfunnskontakt

- | Formidle forskingsresultat i norske og internasjonale publiseringskanalar.
- | Drive populærvitskapleg formidling.
- | Bidra på fagleg anerkjende konferansar, nasjonalt og internasjonalt.
- | Delta i fag- og samfunnsdebatten.
- | Bidra til utvikling av samarbeid med samfunns-, kultur- og arbeidsliv.
- | Bygge og ivareta eit breitt nettverk med privat og offentleg sektor, nasjonalt og internasjonalt.

Administrasjon

- | Delta i fagstrategisk arbeid og med oppbygging av nye undervisningsemne/fagfelt.
- | Legge til rette for eksamen, delta ved sensur og evaluere doktorgradsprosjekt.
- | Delta og gjerne leie sakkyndige komitear og interne vurderingskomitear.
- | Ta vare på verv i nasjonale og internasjonale komitear, samt i råd og utval ved UiS.

Det vert venta at den som blir tilsett støttar opp om og deltar i resten av aktiviteten ved fakultetet og kan ta på seg oppgåver på tvers av senter/institutt- og fakultetsgrenser.

Fordeling av arbeidsoppgåver vert fastsett årleg i arbeidsplan, dette i samsvar med universitetet sine retningslinjer for arbeidsplanlegging.

Kompetanseutvikling

UiS forventar at alle vitskapeleg tilsette driv kontinuerlig kompetanseheving av eiga undervisnings- og forskingsverksemd.

Professor skal det første året delta på universitetet sitt kollegabaserte rettleiingsprogram, NyTi.

Professor som ikkje kan dokumentere tilstrekkeleg pedagogisk og didaktisk kompetanse knytt til høgare utdanning, må delta på universitetspedagogisk kurs innan to år frå tiltreding.

Professor som ikkje kan norsk eller eit anna skandinavisk språk, må tileigne seg norskkunnskapar tilsvarande nivå B2 (i samsvar med felles europeisk rammeverk for språk) innan ein periode på to år frå tiltreding.

Professor kan søke forskingstermin med lønn i samsvar med universitetet sine «Retningslinjer for tildeling av forskingstermin».

Jobbnorge-ID: 140047, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut